

Gamle ord og uttrykk frå Ulla. Ved Knut Hallvard Ulla 2010

m. = subst hankjønn, f. = subst hokjønn, n. = subst inkjekjønn, adv. = adverb, adj. = adjektiv, v. = verb

| | | |
|------------------|--------------------|---|
| ambo m. | reiskap | <i>'anj tok me se ambo å jekk ut på marka før å ta veite</i> |
| assuranse m. | forsikring | <i>he du ordna me assuranse på huse ditt?</i> |
| attelete v. | uroe seg | <i>ej atteleta ette nå, før anj kom ikkje heimatt ti rett tid</i> |
| atti veia adv. | bak | <i>ej sykla atti veia bussen</i> |
| attonde adv. | bak | <i>onganje jømde sej attonde hæsa</i> |
| auster f. | ause | <i>ej tok ei auster og øyste opp supe</i> |
| austing m. | austavind | <i>'anj va en frisk austing når mej jekk ut å sette line</i> |
| av i ryggja adv. | vondt i ryggen | <i>ej e heilt av i ryggja</i> |
| beinkløyve adv. | enkelt | <i>ditta va 'kje so beinkløyve</i> |
| beinrangel n. | tynn person | <i>o he slanka sej, å ser ut som et beinrangel</i> |
| benke v. | rette ut | <i>anj benka denj sjeive spikern</i> |
| besne v. | bli betre | <i>anj he vær sjuk lengje, men he besna i det siste</i> |
| bete m. | bjelke | <i>øss klatra opp på betanje å høppa i høy</i> |
| bete m. | matbit | <i>føst so ejte ej mej mett, so ejte ej mej stappmett, og so ejte ej beta</i> |
| bie på v. | vente | <i>bie på no so ej fær ta på mej bukså</i> |
| blegg fast adv. | heilt fast | <i>ej fær ikkje laus skru'n, anj set blegg fast</i> |
| bomme f. | matskrin | <i>'annj johan putta matabomma neri skuleprinsa</i> |
| bonke v. | bulke | <i>ej va uheldig å bonka bilen</i> |
| botevon f. | håp | <i>annj va so sjeten at det va 'kje botevon</i> |
| brising m. | bål | <i>mej feira jonsøk med brising og rjømegraut</i> |
| brye f. | dårleg båt | <i>ej reise ikkje med dinnja svarte bryå</i> |
| bråne v. | smelte | <i>isen bråna opp før ej fekk sukk før mej</i> |
| bud f. | butikk | <i>ej sykla på buda å handla</i> |
| bukk m. | pannelugg | <i>frisørn klipte ny sveis med bukk</i> |
| bukse v. | hoppe | <i>annj bukste over elva</i> |
| bytte f. | bøtte | <i>annj fekk ei bytte småsei</i> |
| bøkkje m. | blåsar, rakkarunge | <i>det va litt av en bøkkje ej ha me å gjere</i> |
| bøs n. | rusk | <i>'o fekk et bøs innj på kvitebikkjå</i> |
| bøtne v. | nå botnen | <i>ej høppa ut i sjyn der ej ikkje bøtna</i> |
| båre f. | bølgje | <i>det va stor båre i går</i> |
| dagdriver m. | latsabb | <i>annj va enj ekte dagdriver</i> |
| daldre v. | skramle | <i>det e nåkke so daldra ute</i> |

Gamle ord og uttrykk frå Ulla. Ved Knut Hallvard Ulla 2010

m. = subst hankjønn, f. = subst hokjønn, n. = subst inkjekjønn, adv. = adverb, adj. = adjektiv, v. = verb

| | | |
|-------------------|---|--|
| demle v. | drikke mykje og fort | <i>ej demla enj liter mjelk på størten</i> |
| depel m. | gjørme | <i>øss sto i depel ti over øklakulanje</i> |
| dette i køllj v. | falle | <i>ej datt i køllj neri jønå bakkjinj</i> |
| dombe f. | støv eller røyk | <i>det va fullt ta dombe opponde sengja</i> |
| donte v. | å ane, vite om | <i>ej donta 'kje karr anj for henn</i> |
| doris m. | flatbotna robåt, eigentleg <i>dory</i> | <i>dei rodde doris'n børt åt utfare</i> |
| dribbe v. | snuble | <i>ej dribba i dørastøkkjinnj</i> |
| drufs m. | uforsiktig person | <i>du e litt av enj drufs</i> |
| drøs m. | prat, samtale | <i>no va det kjekt å få sej enj drøs med dej igjen</i> |
| dørastøkk m. | dørstokk | <i>ej dribba i dørastøkkjinnj</i> |
| døratrykkert m. | dørvrider | <i>døratrykkerten på utdøra må sjiftast</i> |
| døyv m. | stor innsats | <i>'anj slo heile markja me ljå. de var litt av enj døyv</i> |
| dåse m. | lita øskje | <i>'o fekk enj dåse med et smykke ti gåve</i> |
| egde sej v. | begrense seg | <i>no må du egde dej å ikkje eite so mykje</i> |
| eggjestaup n. | eggglas | <i>o' dekte på boret med køppa, asjetta og eggjestaup</i> |
| einekaje m. | einebær busk | <i>ej datt oppi enj einekaje</i> |
| eldemørje f. | gnistregn | <i>det va berre so eldemørjå sto uti jønå skørstein'</i> |
| eling m. | byge | <i>det kom enj kraftig eling so mej vart sjinnjblaute</i> |
| endestøyte v. | slå på enden | <i>ej måtte endestøyte fjøla før å få na på plass</i> |
| endevende v. | snu på | <i>ej endevende heile skape før å finnje rette sjortå</i> |
| esjle att v. | gøyme | <i>du må esjle att enj bit åt mej</i> |
| estimere v. | bry seg om | <i>anj estimerte ikkje at dei jor narr ta nå</i> |
| ette retta adv. | eigentleg | <i>ette retta va 'kje ej so redde</i> |
| flest'allje adj. | aller fleste | <i>dei flest'allje va enig i at det va gøtt</i> |
| fli seg v. | stelle seg | <i>ej måtte fli mej før eg jekk i selskap</i> |
| flondrestillje f. | blikkstilte | <i>det va finever med sol og flondrestillje (så stilt at du kan stikke flyndre på leira)</i> |
| garen m. | ute | <i>onganje va ut på garen heile dan</i> |
| gaume v. | dra seg til, teite | <i>dinnja skruen gauma gøtt</i> |
| gi på sej v. | flytte seg | <i>gi på dej so ej kjøm mej fram</i> |
| gjere opp v. | stelle (fisk) | <i>anj jor opp fisk og tok ut gøre</i> |
| gjere opp v. | betale | <i>ej jor opp før mej med det same</i> |
| gjev adv. | gavmild, raus | <i>anj va so gjev at anj ga frå sej alt anj hadde</i> |

Gamle ord og uttrykk frå Ulla. Ved Knut Hallvard Ulla 2010

m. = subst hankjønn, f.= subst hokjønn, n. = subst inkjekjønn, adv. = adverb, adj. = adjektiv, v. = verb

| | | |
|---------------------|----------------------------|--|
| gløse v. | sjå | <i>anj gløste uti jønå glase</i> |
| golukt f. | parfyme | <i>o' ha på sej golukt og for på fest</i> |
| græle f. | krusing på sjøen | <i>når smågræla leikar so linnt (frå «songen om Ulla»)</i> |
| gøple f. | manet | <i>det va fullt ta brennjegøple i sjøen</i> |
| gør n. | innmat i fisk | <i>anj jor opp fisk og tok ut gøre</i> |
| gøta adv. | gyteferdig | <i>dinnja roгна e gøta</i> |
| gøttesjuk adv. | ha lyst på godteri | <i>kanj ej få enj sjukolade, ej e so gøttesjuk</i> |
| gå før presten v. | konfirmere | <i>øss jekk før presten i lag</i> |
| herd f. | skulder | <i>ej fekk so låkt i venstre herda</i> |
| hesj f. | hesj (til å tørke høy i) | <i>hesja va på femogtjue gølv</i> |
| hesjastaur m. | stokk til hesja | <i>øss henta hesjastaur ti femogtjue gølv</i> |
| hesjastreng m. | streng til å henge gras på | <i>de va nøkk hesjastreng ti femogtjue gølv</i> |
| hitta i adv. | på denne sida av | <i>ej va ute å fiska, hitta i skåkja</i> |
| huga på adv. | lyst til | <i>e du huga på å bli med på tur?</i> |
| hyse v. | gi husrom til | <i>o mor måtte hyse to fremmendkara</i> |
| høse f. | raggsokk | <i>'o besta sat å støppa høse</i> |
| høse f. | raggsokk | <i>o' mor sat å støppa høse</i> |
| i lengste laje adv. | for lenge | <i>øss venta i lengste laje so øss vart før sein</i> |
| ikønnj n. | ekorn | <i>ikønnje høppa frå trej ti trej</i> |
| jeis m. | lukt | <i>det va litt av enj jeis ta dinnja silda</i> |
| jeister f. | gjær | <i>'o brukte to pakka jeister i brø-deia</i> |
| jere opp fisk v. | sløye fisk | <i>anj jor opp fisk og tok ut gøre</i> |
| jonsøk m. | st. hans | <i>mej feira jonsøk med brising og rjømegraut</i> |
| jøllje f. | jolle | <i>dei drog jølljå opp i støa</i> |
| jønå prep. | gjennom | <i>det va berre so eldemørjå sto uti jønå skørstein'</i> |
| kage på v. | bry seg om | <i>ditta treng du ikkje kage på</i> |
| kakerusk n. | smule | <i>det låg masse kakerusk på bore</i> |
| kete v. | kile | <i>anj keta mej opponde handa</i> |
| kjantra v. | krangle | <i>dei kjantra om kannj so va best</i> |
| kjeivå f. | venstre handa | <i>ej klabba tej nå me kjeivå</i> |
| kjerteljøs n. | stearinlys | <i>øss tende kjerteljøsa om kvelden</i> |
| kjippe seg v. | skvette, kveppe | <i>ej kjipte mej når du plusla sto der</i> |
| kjyld f. | kulde | <i>ej e heilt blå og stiv av kjyld</i> |
| kjyr f. | ku | <i>anj jaga kjynnje ut på beitemarkja</i> |

Gamle ord og uttrykk frå Ulla. Ved Knut Hallvard Ulla 2010

m. = subst hankjønn, f. = subst hokjønn, n. = subst inkjekjønn, adv. = adverb, adj. = adjektiv, v. = verb

| | | |
|------------------|-----------------------------|--|
| | | <i>(slik bøying: ei kjoyr, den kjoyra, fleire kjynnje, allje kjynnje)</i> |
| kjorkne v. | svelje vrangt | <i>'o hosta so o helt på å kjorkne</i> |
| klabbe tej v. | slå | <i>ej klabba tej nå me kjeivå</i> |
| klein adj. | sjuk | <i>'annj va so kleine at 'annj måtte ver heime frå skulå</i> |
| klevre v. | klatre | <i>guten klevra opp i et trej</i> |
| konte f. | klumpete, lite stilfull båt | <i>"nora" såg ut som ei konte</i> |
| koprativ n. | samvirkelag | <i>ej ska innj på koprative å handle</i> |
| korå adj. | kvar | <i>det va en ta korå</i> |
| kreiste v. | ta i | <i>annj sat og kreista lengje uten å få ta sej nåkke</i> |
| kreng adv. | smidig | <i>annj va so kreng at annj jekk oppå bratte takje</i> |
| krækje f. | kreking | <i>ej jekk opp på fjellje å plukka krækje</i> |
| kveppe v. | skvette, kjiippe seg | <i>ej kvapp når du plusla sto der (slik bøying: å kveppe, kvepp, kvapp, he kvøppe)</i> |
| kvitebikkje f. | kvitauge | <i>'o fekk et bøs innj på kvitebikkjå</i> |
| køppetvøge f. | oppvaskklut | <i>ej tørka ta bore med kjøppetvøgå</i> |
| lamb n. | lam | <i>saud'n hadde to lamb</i> |
| lejalasjete adv. | ustabilt, lealaust | <i>stilasje va lejalasjete</i> |
| ligge rond v. | liggje med kledda på | <i>anj va so trøtt at anj berre la sej rond</i> |
| linnt adv. | varsamt | <i>når smågræla leikar so linnt (frå «songen om Ulla»)</i> |
| lons m. | stort tjukt kjøtstykkje | <i>(eignetleg engelsk subst: loin som i fleirtal blir loins). mej hadde enj heile lons me kvalkjøt ti middag</i> |
| lunnje f. | stokk på tvers i støa | <i>ej smore lunnjanje med lever so det vart lettare å dra opp båten</i> |
| lykjel m. | nøkkel | <i>ej tok fram lykjel'n og låste opp døra (lykjel, lykjel'n, lykla, lyklanje)</i> |
| læke v. | smelte (is, snø) | <i>det blei mildver og bjønde å læke</i> |
| løyse brokja v. | dra ned buksa | <i>ej løyste brokja før å slå lens</i> |
| låkt adv. | vondt | <i>ej fekk so låkt i venstre herda</i> |
| maule v. | ete noko utan tilbehør | <i>ej maula et heilt fat med småsei</i> |
| meia adv. | imens | <i>øss kannj no eite mandarin meia mej venta på middan</i> |
| mjelkesedik m. | ein som drikk mykje mjølk | <i>du e mej enj ekte mjelkesedik</i> |

Gamle ord og uttrykk frå Ulla. Ved Knut Hallvard Ulla 2010

m. = subst hankjønn, f. = subst hokjønn, n. = subst inkjekjønn, adv. = adverb, adj. = adjektiv, v. = verb

| | | |
|-----------------|--------------------|--|
| mukke v. | seie imot | <i>ej jor slik so anj sa, uten å mukke</i> |
| musaføld f. | musefelle | <i>ej sette opp musafølge på mørkeløfte</i> |
| mykje f. | juling | <i>kom so ska du få dej ei redige mykje</i> |
| nauta adv. | svært, veldig | <i>ej fekk en fisk so va nauta stor</i> |
| nejatte adv. | nede | <i>du e like far dinj ovatte og mor di nejatte</i> |
| nejsarva adv. | utslite, ustelt | <i>huset va heilt nejsarva</i> |
| nysst adv. | nettopp | <i>ej hadde nysst lagt mej</i> |
| nødden adv. | småfeit | <i>anj hadde lagt på sej å blitt gøtt nødden</i> |
| nøv f. | hushjørne | <i>ej jekk utom nøva og slo lens</i> |
| o'avlatla adv. | stadig vekk | <i>annj jekk ront å skrøna o'avlatla</i> |
| offa adv. | huff | <i>offa før et stuggever det e i dag</i> |
| oflidd adv. | ustelt | <i>annj va so oflidd, annj vaska 'kje sej i fjæse enj gång</i> |
| omaklaus adv. | lat | <i>anj jekk på fjellje kvar dag. anj va 'kje omaklaus</i> |
| omkalfatring f. | omflytting | <i>det vart litt av ei omkalfatring</i> |
| omrøme seg v. | skaffe seg tid | <i>ej må omrøme mej so ej fær jort det ej ska</i> |
| ondabakkje m. | nedover bakke | <i>pål, du he kje løv å lage dej ondabakkje</i> |
| ondeklæ n. | undertøy | <i>om vintern he mej på øss ondeklæ ta ullj</i> |
| opphøvna adv. | hoven | <i>ølbøjinj va opphøvna</i> |
| opponde prep. | under | <i>katten låg opponde bore</i> |
| oppøyst adv. | ferdig servert mat | <i>kannj dåkke kome å ejte? de e oppøyst</i> |
| oty n. | mus og rotter | <i>det va oty neri kjellern</i> |
| ovatte adv. | oppe | <i>du e like far dinj ovatte og mor di nejatte</i> |
| over natta adv. | brått | <i>ej vart grå i håre over natta</i> |
| ovøren adv. | uforsiktig | <i>o' va ovøra å peiva nej en lysestakje frå bore</i> |
| palfullt adj. | heilt fullt | <i>mjelkeglase va palfullt</i> |
| peive nej v. | rive ned | <i>o' va ovøra å peiva nej en lysestakje frå bore</i> |
| pirte v. | erte | <i>onganje pirta kvarandre i stan før å leike sej</i> |
| pjask m. | pusling | <i>du e litt av enj pjask</i> |
| plusla adv. | brått | <i>ej kvapp når du plusla sto der</i> |
| plåster n. | plaster | <i>ej hadde plåster på såre</i> |
| pong m. | lommebok | <i>ej saumfor heile huse ette pongjinj minj</i> |
| prins f. | ransel | <i>'annj johan putta matabommå neri skuleprinsa</i> |
| pussen tur adj. | form | <i>ej va kje heilt i pussen tur i går</i> |
| pø om pø adv. | litt etter litt | <i>dei drog opp båten, og tok det pø om pø</i> |

Gamle ord og uttrykk frå Ulla. Ved Knut Hallvard Ulla 2010

m. = subst hankjønn, f. = subst hokjønn, n. = subst inkjekjønn, adv. = adverb, adj. = adjektiv, v. = verb

| | | |
|------------------|---|--|
| pøs f. | bøtte | <i>ej storta ut ei pøs med vatn</i> |
| pøyte f. | vasspytt | <i>anj trakka rett opp i ei pøyte</i> |
| rabbestappe f. | kårabistappe | <i>i går hadde øss rabbestappe ti middan</i> |
| rakne med sej v. | kome til hektene | <i>ette kvart rakna anj med sej</i> |
| rambel n. | ringing, bråk | <i>kannj du sette på rambel kløkkå sju</i> |
| redig adv. | ekte, skikkeleg | <i>kom so ska du få dej ei redige mykje</i> |
| reke m. | spade | <i>ej tok ei reke og spadde opp ei grøft</i> |
| rennjeføk n. | sterk vind som blæs sjøen opp i lufta bortetter | <i>mej sto og såg på stuggevere, det va rennjeføk og tynnjaknuta</i> |
| rennjegøple f. | brennmanet | <i>sjøen va fullj ta brennjegøple</i> |
| rennjesjete f. | laus mage | <i>ej hadde rennjesjetå i går, før ej åt nåkke so ej ikkje tolde</i> |
| rete opp v. | ramse opp | <i>anj reta opp namna på allje båtanje</i> |
| ri f. | stund | <i>då he øss nåkke å jer på dinnje ria</i> |
| rigge v. | ta seg ut | <i>huse rigga fint der det sto</i> |
| riggeresnør f. | disse, huske | <i>onganje leika sej på riggeresnora</i> |
| rjøme m. | rømme (rjome) | <i>mej feira jonsøk med brising og rjomegraut</i> |
| ront regna adv. | om lag | <i>det kosta ront regna honder krone</i> |
| ryte v. | snorke | <i>du e folen å ryte</i> |
| røv m. | rev | <i>'anj super-mikkel va enj lur røv</i> |
| råm adv. | hes, stemmelaus | <i>ej va so råm at ej ikkje fekk fram et ord</i> |
| rångsnudd adv. | uopplagd | <i>ej rangla slik i natt, att ej vart heilt rångsnudd</i> |
| rångå adv. | ut inn, vranga | <i>anj hadde gensern på rångå</i> |
| rås f. | sti | <i>mej jekk råsa opp på fjellje</i> |
| saudeparle m. | sauelort (avføring) | <i>børt på hølminj e det fullt ta saudeparla</i> |
| saumfare v. | undersøkje | <i>ej saumfor heile huse ette pongjinj minj</i> |
| sekke v. | synke | <i>båten held på å sekke</i> |
| siderev n. | ribbebein | <i>ej he bresta et siderev</i> |
| sirapp m. | sirup | <i>ej lika sirapp på sjivå</i> |
| sjekte v. | gå arm i arm | <i>guten sjekta med kjærersten sin</i> |
| sjetnesøndag m. | siste søndag før jul | <i>på sjetnesøndag gjer mej klart ti jul</i> |
| sjive f. | brødskiye | <i>ej lika sirapp på sjivå</i> |
| sjøldå adj. | sjeldan | <i>anj kom på et sjøldå besøk</i> |
| sjåglas n. | briller | <i>ta på dej sjåglasa og les åt mej</i> |

Gamle ord og uttrykk frå Ulla. Ved Knut Hallvard Ulla 2010

m. = subst hankjønn, f. = subst hokjønn, n. = subst inkjekjønn, adv. = adverb, adj. = adjektiv, v. = verb

| | | |
|-------------------|--|--|
| skoge ti v. | få tak i | <i>karr du he skoga ti dinnja sjortå</i> |
| skreppe ta v. | skryte av | <i>anj va fol'n tej å skreppe ta sej sjøl</i> |
| skuffetropisk f. | formkake | <i>o mor serverte skuffetropisk ti kaffien</i> |
| skure f. | til å støtte hesja opp med | <i>de var nøkk skure ti ei hesj på femogtjue gølv</i> |
| skute v. | ro attover | <i>du må skute innj åt vøren</i> |
| skølevaske v. | forvaske oppvasken | <i>no skal ej skølevaske, so kanj du ta resten</i> |
| skøppe f. | hale på hummaren | <i>det va fullt ta rogn oppi skøppå på hommern</i> |
| skørstein m. | skorstein | <i>det va berre so eldemørjå sto uti jønå skørstein'</i> |
| skøtår n. | skuddår | <i>det e skøtår fjerde kvart år</i> |
| slagstyvel m. | høge støvlar | <i>ej tok på mej slagstyvel</i> |
| slå i hel tida v. | få tida til å gå | <i>stend du der å slær i hel tida?</i> |
| slå leggje v. | kjede seg | <i>e'kje du lei ta å stå der å slå leggje?</i> |
| slå lens v. | tisse | <i>ej jekk utom nøva og slo lens</i> |
| slåttakjøyse f. | sist ferdig med slåttan | <i>øss fekk slåttkjøyså i år igjen</i> |
| smørklatt m. | ein halv kilo smør | <i>kannj du gå på buda å kjøpe enj smørklatt?</i> |
| småfolk n. | baby | <i>dei venta sej småfolk igjen</i> |
| sneip m. | sigarett | <i>anj' tok opp en stikkedåse og fyrte på sneipinj</i> |
| snerte adv. | lettvint | <i>'øss kannj ta brennsnut ti middag, førr de e' so snerte</i> |
| snike på v. | smørje på | <i>'o mor snika på ei judit-løfse ti kaffi'n</i> |
| snu teine v. | dra opp teiner, egne opp og setje ut att | <i>annj diffen jekk ut åt sveslingannje førr å snu teine</i> |
| spauke v. | sparke | <i>annj jekk å spauka småstein</i> |
| speiel m. | spegel | <i>ej såg mej innji speiel'n når ej tok sveis'n</i> |
| starlande adv. | svært, veldig | <i>starlande dej kørr det blæs i dag</i> |
| stekkje m. | bås | <i>kjyra sto innji stekkinj sinj</i> |
| sterrig adv. | sta | <i>dinnja gutongjinj e bra sterrig</i> |
| stikkedåse m. | fyrstikkøskje | <i>anj' tok opp en stikkedåse og fyrte på sneipinj</i> |
| stiltre seg v. | liste seg | <i>ej stiltra mej ut jønå døra</i> |
| storsnuta adv. | frekk i kjeften | <i>no sønst ej du e storsnuta</i> |
| struppel n. | uroleg sjø | <i>det va litt struppel utmed skåkja</i> |
| støppe v. | bøte | <i>'o besta sat å støppa høse</i> |
| støppe v. | bøte | <i>o' mor sat å støppa høse</i> |
| stør adv. | stiv | <i>annj goffar va blitt gammalj og stør</i> |

Gamle ord og uttrykk frå Ulla. Ved Knut Hallvard Ulla 2010

m. = subst hankjønn, f. = subst hokjønn, n. = subst inkjekjønn, adv. = adverb, adj. = adjektiv, v. = verb

| | | |
|----------------|--|--|
| størte v. | tømme ut | <i>ej storta ut ei pøs med vatn</i> |
| stå tej v. | innrøme | <i>anj måtte stå tej å ha jort det</i> |
| supe f. | suppe | <i>det e 'kje middag uten supe</i> |
| svång m. | slagside på eit slakt | <i>'øss laga rulljepylse ta fire svånga til jul</i> |
| søllj m. | bråk | <i>no e det mykje søllj ta dåkke</i> |
| ta palingja v. | stikke av | <i>anj vart so redd at anj tok palingja</i> |
| tatte m. | pupp | <i>beibi 'n fekk sej tatte</i> |
| teite v. | stramme | <i>eg teita åt skruen</i> |
| tidd adv. | fullmata (full av mat) | <i>'krabbinj va tidde</i> |
| til n. | scene, podium | <i>dei som skal på tilet fram (frå «velkomstsong»)</i> |
| treisk adj. | gjerrig | <i>'annj va no kjende førr å ver treiske</i> |
| trej'bole f. | vassblemme | <i>ej rodde so hardt at ej fekk trej'bole</i> |
| trubbel n. | problem | <i>no må du passe dej enn so kan du få trubbel</i> |
| trutne v. | bli tett | <i>ej vil sette båten på sjyn so anj fær trutne</i> |
| tungalda f. | storbåra | <i>der tungalda brøler og vaskar og bryt (frå songen om ulla)</i> |
| tynnjaknute m. | vind som blæs sjøen i virvel opp i lufta | <i>mej sto og såg på stuggevere, det va rennjeføk og tynnjaknuta</i> |
| tærre f. | tørke | <i>i år var det god tærre heile sommarn</i> |
| tønnje v. | tørke | <i>øss må henge ut klæna so dei fær tønnje</i> |
| ukte v. | ta pause | <i>når mej he fått innj ditta høylasse, ska mej ukte</i> |
| ulje m. | olje | <i>mej for ti lands før å fyllje ulje</i> |
| urvinj adj. | uopplagt | <i>ej va på fest i går, i dag e ej urvinj</i> |
| uttynt adv. | bortskjemt | <i>anj va so uttynt, anj fekk alt anj peika</i> |
| valen adv. | vissen | <i>ej fraus sånn at ej va heilt valen på fengranje</i> |
| vanderau f. | kresen person | <i>annj likte 'kje maten, annj va ei ekte vanderau</i> |
| veikemaje m. | mellomgolvet | <i>ej fekk enj knyttenøve i veikemajinj</i> |
| veite f. | grøft | <i>'anj tok me sej ambo å jekk ut på markja førr å ta veite</i> |
| vind m. | fis | <i>ej måtte berre sleppe enj vind</i> |
| øklakul m. | ankel | <i>øss sto i depel ti over øklakulanje</i> |
| ølbøje m. | albue | <i>ølbøjinj va opphøvna</i> |
| øyse v. | ause | <i>det e oppøyst (maten er servert)</i> |
| åle v. | fjerne groen | <i>no e det på tie å åle poteite</i> |
| åttafære f. | oppførsel | <i>ej kankje finnje mej i sånn ei åttafære</i> |